

VÅRT PROGRAM FOR PERIODEN 2019 - 2023:

NÆRING

Tilbod om varierte og attraktive arbeidsplassar er den viktigaste føresetnaden for at folk skal busette seg i kommunen. Det er difor ei prioritert oppgåve for Fjaler Ap å legge til rette for eksisterande næringsliv, og stimulere til etablering av nye og attraktive arbeidsplassar.

Næringslivet i Fjaler har vist veg og hatt ein god vekst i antal arbeidsplassar dei siste åra. Samanlikna med dei fleste distriktskommunar er Fjaler kjenneteikna av ein variert arbeidsmarknad med god tilgang på attraktive jobbar for folk med høgare utdanning.

Fjaler Arbeidarparti vil prioritere høgt å bidra til ei framleis positiv utvikling på dette området. For å nå desse måla vil vi:

- Vere ein støttespelar for Fjaler Næringsutvikling
- Sørge for nok tilgang på næringsareal. Særskilt er det viktig at det til ei kvar tid er disponibelt areale i tilknytning til Lutelandet og i kommunesenteret
- Bidra politisk til at aktørane på Haugland kan oppretthalde og videreutvikle aktivitetsnivået til beste for heile regionen
- Vurdere auka satsing på reiseliv
- Bidra til at Fjaler skal utnyttar sine føretrinn og er blant dei leiande i fylket på utvikling av kultur som næring
- Satse på tettstadutvikling og dermed styrke Dale sin posisjon som regionsenter i HAFS.



LANDBRUK

Sjølv om det har vore ei kraftig nedgang i antal bruk dei seinare åra, er Fjaler framleis ein stor landbrukskommune. Eit levedyktig landbruk er viktig for sysselsetjinga i kommunen, og er også den beste garantisten for pleie av kulturlandskapet.

Det er difor viktig for Fjaler AP å stø opp under primærnæringane.

Vi trur også at dei som er viljuge til å tenke nytt og kreativt vil ha gode sjansar til å utvikle levedyktige bruk. Fleire har gått føre og vist at ulike tilleggsnæringar som t.d hytteutleige og ulike nisjeprodukt kan vere med å styrke lønsemda i landbruket.

Fjaler AP ønskjer også å jobbe aktivt inn mot sentrale styresmakter for å betre rammevilkåra for landbruket, gjennom t.d å opne for utbygging av småkraft i verna vassdrag, tilrettelegge for nydyrking og gjere det enklare å få bygge bustad nr to på bruket.

OPPVEKST OG UTDANNING

Fjaler AP meiner Fjaler har eit godt tilbod innanfor skule og barnehage. Vi har gjennom mange år brukt store ressurar på dette området.

Nasjonale prøver og andre målingar viser at elevane våre ligg heilt i landstoppen i fleire fag. Dette tyder på at det vert jobba godt i Fjalerskulen.

Gjennom eit godt tilbod i skule og barnehage ønskjer vi at born og ungdom skal ha ein trygg og god oppvekst. Samstundes som vi ønskjer å legge til rette for at småbarnsforeldre i alle deler av kommunen skal få valfridom til å kombinere omsorgsoppgåver og yrkesdeltaking slik dei ønskjer.

Vi ønskjer å støtte opp om den offentlege skulen og gjennom den syte for at alle får like muligheiter til ei god utdanning, uavhengig av bakgrunn og økonomi.

Tilpassa barnehagetilbod og skulefritidsordningar er også viktige verkemiddel for å nå desse målsetjingane.

Vi trur det vil vere lettare å oppretthalde god fagleg kvalitet og eit godt sosialt miljø dersom einingane ikkje vert alt for små. Ved endring av skulestruktur må ein tenke borna sitt beste. Det betyr t.d å tilrettelegge skulerutene og vere fleksibel på krins- og kommunegrensar.

Fjaler Arbeidarparti vil:

- Oppretthalde full barnehagedekning i heile kommunen
- Gje tilbod om tilpassa og rimeleg skulefritidstilbod for alle
- Følgje opp felles plattform for Fjalerskulen slik at alle elevane får eit likt tilbod uansett kva skule dei går på
- Samarbeide med nabokommunane for å oppretthalde og styrke det vidaregåande skuletilbodet i Dale. Det er spesielt viktig at ein får behalde det basistilbodet skulen har i dag og å få tilbake tilbodet om VG1 byggfag.
- Utvikle samarbeidet mellom skule og næringsliv, og utfordre næringslivet i regionen til oppretting av fleire læreplassar for å sikre lokal kompetansebygging og meir stabil arbeidskraft.



KOMMUNEN SOM ARBEIDSGJEVAR

Norske arbeidstakarar har gode rettar som er opparbeida gjennom fleire generasjonars kamp frå fagrørsla si side. I dag er dette under stadig press frå private aktørar som jagar profitt og opptrer useriøst. Dette truar arbeidstakarane sine rettar og utfordrar heile den norske velferdsmodellen.

Fjaler AP ønskjer at kommunen skal framstå som ein god arbeidsgjevar og ser på m.a følgjande tiltak som viktige:

- Føre ein aktiv rekrutteringspolitikk for å sikre nok tilgang på kompetent arbeidskraft
- At dei som ønskjer heile stillingar vert prioritert til det
- Vektlegge likelønsprinsippet
- Tilrettelegge for HMS-arbeid for å styrke arbeidsmiljøet
- Unngå å nytte vikarbyrå
- Jobbe for å styrke lærlingeordninga i alle deler av den kommunale drifta

HELSETILBOD OG SOSIAL TRYGGLEIK (BISTAND OG OMSORG)

Vi meiner har Fjaler har eit tilfredstillande helse-, sosial- og omsorgstilbod som gjer eit godt tilbod til innbyggjarane våre på dei fleste område. Vi må likevel ha stort fokus på kvalitetssikring og utvikling av tenestene, slik at dei stettar behovet til brukarane og gjeldande lovkrav.

Innanfor bistand og omsorg er det store utfordringar i åra som kjem med stadig fleire både eldre og yngre brukarar. Skal vi løyse desse utfordringane må vi nytte ressursane på ein mest mogleg effektiv måte og vere ein attraktiv arbeidsgjevar for å skaffe nok kvalifisert personell.

I kommande periode vil vi m.a.:

- Tilby innbyggjarane våre gode helse- og omsorgstenester som er fagleg forsvarleg og i tråd med nasjonale føringar.
- Vi ynskjer å utvikle tilboda i samarbeid med tilsette, brukarar og pårørande, slik at vi kan bli endå betre.
- Prioritere styrking av tilbodet til menneske med psykiske vanskar i tråd med nasjonale føringar
- Auka fokus på folkehelse og førebyggjande rusarbeid
- Utvikle gode tenester til born, ungdom og familiane deira gjennom å prioritere å følgje opp Sjumilssteget og Barnekonvensjonen.
- Arbeide for at Helse Førde opprettheld ei god ambulanseteneste i Fjaler
- Jobbe for å behalde og utvikle spesialisttenestene ved sentralsjukehuset i Førde
- Sørge for å sette av nok areale til fleire omsorgsbustadar i området ved sjukeheimen, og jobbe for ei tilfredstillande dekning når det gjeld tal omsorgsbustadar med heildøgns bemanning og sjukeheimplassarørge
- Vurdere å auke opp stillinga som aktivitør for å gje dei eldre ein meir meningsfull kvardag
- Motverke sosiale skilnadar gjennom å styrke lågterskeltilbod som t.d Frisklivssentral og samarbeid med lag og organisasjonar
- Styrke samarbeidet mellom Frivilligsentralen og helsesektoren
- Vurdere reduksjon i kommunale betalingssatsar for låginnteksfamiliar i forhold til SFO, barnehage o.l
- Styrke helsestasjonen slik at ein kan ha meir fokus på førebygging inn mot born og ungdom. Arbeide for å styrke tilbod om helsestasjon på skulande

BUSTAD- OG TOMTEPOLITIKK

Fjaler Arbeidarparti ønskjer gjennom ein aktiv og bevisst bustadpolitikk å legge til rette for auka busetnad. I ei tid med stor konkurranse om å dra til seg nye innbyggjarar er ein offensiv bustadpolitikk avgjerande. Her meiner vi kommunen har forbettringspotensiale og må prioritere dette høgare.

For å komme på offensiven vil Fjaler Ap :

- Til ei kvar tid ha oppdaterte arealplanar for heile kommunen
- Tilby attraktive og tilrettelagde bustadtomtar.
- I sentrum bør busetnaden konsentrerast slik at ein kan utvikle Dale til ein landsby med «småurbane» kvalitetar
- Vurdere bygging av gjennomgangsbustadar for folk som ønskjer å «prøvebu»
- Tillate spreidd bustadbygging der tilhøva tilseier det, og vurdere støtte til geologiske undersøkingar der dette vert kravd.
- Vere ein aktiv medspelar for tilrettelegging av sentrumsnære leiligheiter både for eldre og for nyetablerarar
- Avsetje tilstrekkeleg med midlar til vedlikehald av kommunale bygningar



MILJØ OG RESSURSUTNYTTING

Fjaler Arbeidarparti meiner at bruken av naturressursane skal vere på eit slikt nivå at ein ikkje øydelegg for framtidige generasjonar. Denne tankegangen må gjennomsyre all kommunal forvaltning og anna verksemd i alle samanhengar.

Vi vil mellom anna gå inn for:

- Følgje opp kommunen sin klima- og energiplan
- Stimulere til at det vert bygd ut fleire ladepunkt for el-bilar
- Ta vare på og stimulere ålmenta sine friluft- og aktivitetsinteresser gjennom m.a. styrt hyttebygging og tilretteleggingstiltak i friområde
- Drive ei aktiv kystsoneplanlegging som m.a sikrar ålmenta god tilgang til strandsona
- Å opne opp for ein meir liberal praksis med tanke på å utnytte ressursane i verna vassdrag

KULTUR

Noko av det viktigaste for å skape trivsel og identitet blant innbyggerane er eit mangfaldig aktivitets- og kulturtilbod. Vi trur dette er ein avgjerande faktor for at folk skal bli buande i bygdene våre og for å få nye folk til å flytte til kommunen.

Spesielt viktig er kulturtiltak for barn og unge. Det er også svært viktig at ein gjennom ulike ordningar held nede kostnadane på tilboda slik at ikkje det er foreldra si lommebok som avgjer kva aktivitetar born og ungdom kan delta på.

Vi meiner Fjaler har lukkast godt på dette området og vil også prioritere kulturtiltak høgt i kommande periode. Gjennom samarbeid med Sparebankstiftinga Fjaler meiner vi føresetnadane for framleis utvikling på dette området er særers gode.

Fjaler AP vil mellom anna:

- Prioritere tiltak for barn og unge i heile kommunen
- Støtte opp om arbeidet til Fjaler Kino
- Ha årleg tildeling av Fjalerprisen
- Fremje aktiviteten i friviljuge lag og organisasjonar
- Legge til rette for gode idrettsanlegg i kommunen
- Støtte opp under det gode tilbodet kulturskulen gjev til barn og ungdom
- Støtte opp under viktige kulturinstitusjonar som Teaterfestivalen og Jakob Sande-selskapet
- Utvikle Fjalerhallen som arena for dei store kulturarrangementa i Fjaler
- Styrke BUA som utstyrssentral for å kunne tilby eit vidt utval av utstyr som ein kan låne gratis til diverse aktivitetar som ski, sykling osv.

INFRASTRUKTUR

Dårlege og manglande kommunikasjonar er ein trussel for næringsliv og busetnad i Fjaler og resten av HAFS. Fjaler Arbeidarparti meiner at det er råd å snu denne utviklinga dersom vi saman med nabokommunane jobbar mot felles prioriteringar.

I dagens samfunn er kanskje digital infrastruktur det aller viktigaste tiltaket for å sikre desentralisert busetnad, Fjaler AP ønskjer å vere offensive på dette området og bidra med kommunale midlar for å sikre både innbyggerar og næringsliv god dekning på både mobil og fiber.

Fjaler AP vil:

- Arbeide aktivt inn mot sentrale styresmakter for å få auka løyvingane til både vegbygging og digital infrastruktur
- Nytte alle tilgjengelege kanalar for å fremje HAFS-regionen si felles prioriteringsliste
- Vere opne for brukarfinansiering for å oppruste fv 57 i retning E39 og Førde
- Arbeide for realisering av kystvegen Bergen-Ålesund.
- Bidra til å oppretthalde eit framleis godt rutetilbod på flyplassen på Bringeland, noko som er heilt avgjerande for ei framleis positiv utvikling i næringslivet i Fjaler.
- Arbeide for å betre vilkåra for mjuke trafikantar i Dale sentrum
- Jobbe for opprusting av vegsambandet til Lutelandet
- Arbeide for eit betre rutetilbod for interntrafikk og skuleskyss i HAFS-regionen
- Få etablert ekspressbåtstopp i ytre Fjaler
- Følgje opp opp planen for asfaltering av kommunale vegar
- Jobbe for å få auka potten til ulike transportordningar for både ungdom og eldre



LOKALDEMOKRATI

Kommunane si fremste oppgåve er å gje innbyggerane eit godt tenestetilbod. Samfunnet er etter kvart blitt så spesialisert og krava til kvalitet på tenestetilbodet så høge at våre små kommunar ikkje maktar oppgåvene åleine.

Dersom vi skal greie å bygge opp meir kompetanse og rekruttere fagfolk på alle område trur vi ikkje at ein på sikt kjem utanom større kommunar.

Etter å ha vore gjennom første del av kommunereforma er fasit at Fjaler framleis står åleine. Inntil vidare vil difor interkommunalt samarbeid både internt i HAFS og med den nye storkommunen i indre Sunnfjord vere avgjerande for å oppretthalde eit godt tenestetilbod.

Vi meiner Fjaler i den kommande perioden må ha ein aktiv og tett dialog med nabokommunane i Sunnfjord/ytre Sogn med tanke på endring i kommunestrukturen. Skal ein skal ta opp igjen prosessen med ein HAFS-kommune, er det for Fjaler AP sin del eit krav at punktet i den gamle intensjonsavtalen om Dale som kommunesenter ligg fast.

Før eit eventuelt vedtak om samanslåing er det viktig at innbyggerane blir høyrde. Dette skal skje gjennom enten folkeavrøysting eller innbyggjarhøyring.

I førekant er det viktig at innbyggerane blir sikra god og balansert informasjon om dei ulike alternativa.

Eit levande folkestyre med engasjerte innbyggjarar er ein viktig grunnstein for ein velfungerande kommune uansett storleik.

Viktige tiltak for å utvikle dette kan vere:

- Ungdommens kommunestyre som ei opplæring i lokalt folkestyre
- Sikre innbyggerane godt innsyn i dei politiske prosessane
- Arbeide for utvalsmodel slik at ein får betre og tettare samarbeid mellom administrasjon, tillitsvalde, brukarorg og politisk leiing.
- Ha ein god dialog med grendelaga
- Nytte sosiale media til å informere innbyggerane om den kommunale verksemda